



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eirik Brynjelsen, 55 57 21 70

Vår dato
24.06.2015
Dykkar dato
15.04.2015

Vår referanse
2015/5498 512.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
3. 07. 2015	
Ark. saksnr	Løpnr
Saksh.	Tilgangskode

Løyving UTM-midler - prosjekt *Mottak av jord og stein frå industriområde på Mongstad*

Vi viser til e-post 15.04.15 med søknad om støtte til prosjekt *Mottak av jord og stein frå industriområde på Mongstad*. Søknaden er handssama etter *Fullmaktsbrev 2015 til Fylkesmannen fra Landbruks- og matdepartementet 16.02.15*, og etter føringar i *Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2013-17*.

Vedtak

Landbruksdirektøren i Hordaland løyver kr. 85.000,- til medfinansiering av prosjekt Mottak av jord og stein frå industriområde på Mongstad. Løyvinga er avgrensa til 50 % av totalt budsjett kr. 170.000,-.

Vilkår

- prosjektet blir fullfinansiert og gjennomført i høve budsjett
- eventuelle endringar i prosjektplan skal søkast skriftleg til FMLA
- oppmoding om sluttutbetaling må leggst ved sluttrapport og –rekneskap
- prosjektet samarbeider tett med dei to andre jordmasseprosjekta i Nordhordland i form av røynsleutveksling, undervegsjusteringar og eventuelle felles arbeids-/styringsgruppedlemmar
- Lindås kommune sett av tilstrekkeleg eigen ressurs til å gjennomføre og rapportere prosjektet
- sluttrapport må oppsummere arbeidsform, vurderingar og prioriteringar i ei form eigna for røynsleoverføring til andre kommunar, bruk og entreprenørar seinare

Utgreiing

Prosjektet må sjåast i samband med og som del av eit samarbeid med to andre prosjekt med utgangspunkt i masseproblematikk i Bergensområdet generelt, og i Nordhordland spesielt; prosjektet *Overskotsmassar – problem eller ressurs*, i regi av Norsk Landbruksrådgeving, som tek for seg den praktiske handteringa og oppbygginga av landbruksjord frå massar og utarbeider handbok, praktisk rettleiar og

forslag til avtaleverk, og prosjektet *Ta vare på matjorda*, i regi av Nordhordlandskommunane ved Meland kommune, som tek for seg kommunal sakshandsaming og praksis, regelverk og planverktøy knytt til denne problematikken.

Dette prosjektet skal bidra til at kommunen(-ane) får ein faktisk pilot dei kan bruke i sakshandsaminga, som heilt eller delvist pålegg, der dette måtte vere ønskeleg som eit alternativ til den store framvoksteren av reine massetippar ein har sett i store utbyggingskommunar dei siste åra. Tiltaket er dermed ikkje å rekne som bedriftsretta støtte til den konkrete gardbrukaren, men bruket er også utvald av Lindås kommune på grunnlag av transportomsyn, mottakskapasitet og nytteverdi og framtidig potensiale for tradisjonell landbruksproduksjon. Bruket har per i dag kjøtproduksjon på storfe men potensiale og konkrete planar om reetablering og utviding av større mjølkeproduksjon.

Nordhordland er vald som pilotområde utifrå nærleiken til Bergen, stort utbyggingspress innan bustad og industri, samstundes som der framleis finst mykje tradisjonelt landbruk, mykje av dette på ikkje-optimalt landbruksareal i høve moderne produksjon. Dessutan har fleire bruk og fleire av landbrukskontora lang røynsle med høvesvis massemttak og oppbygging av ny jord og kommunal sakshandsaming knytt til dette.

Utbetaling

På oppmoding frå søkar kan inntil 75 % av løyvinga betalast ut i prosjektperioden. 25 % blir halde att til prosjektet er sluttrapportert og godkjent. Krav om utbetaling skal vere skriftleg, og blir rekna som aksept av vilkåra for tilsegna. Krav om sluttutbetaling skal leggest ved rapport og revidert prosjektrekneskap. Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis medføre tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling.

Prosjektet må vere ferdigstilt og rapportert FMLA Hordaland innan 31.12.2016.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. Landbruksdirektør

Eirik Brynjelsen
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Dette vedtaket kan klagast inn for Landbruksdirektoratet, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Klagen bør vere grunngeven, jf. § 32 i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veer rekna frå den dagen de mottok denne meldinga.